



Egil Myklebust talar på haustfesten.

Tidlegare direktør i Norsk Hydro, Egil Myklebust, har takka ja til å vera talar på haustfesten i ungdomslaget laurdag 22. oktober. Egil Myklebust, også kjend frå tida si som NHO direktør, er fødd i Uskedalen (1942) og vaks opp her før familien flytta til Bergen. Han kjenner bygda godt og har mange gode vener i Uskedalen frå oppveksten på 1940 og 50 talet.

Egil Myklebust fortel til Uskedalen.no at han i talen sin vil ha fokus på Uskedalen før og no - eit skråblikk innanfrå og ut og frå utsida og inn. Han vil sei noko om kva det er som skaper ei bygd og kva verdiar som ligg til grunn for eit mellommenneskeleg miljø. Oppveksten i Uskedalen med familien, kulturlivet og bygdemiljøet har vore viktig for Myklebust i alt hans arbeid og virke.

Egil Myklebust vil også løfta blikket og sei noko om Uskedalen sin plass i kvinneherssamfunnet. Han har særleg merka seg SPAR som ein framifrå butikk og sentral møteplass i Uskedalen. Festidalen verkar samlande på ungdommen i Kvinnherad, noko ein treng i ein kommune der mykje har vore sterkt bygdefinert.

Ungdomslaget vil i morgon sei noko om påmelding til haustfesten. Det vert lagt ut 100 billetter og det er bindande påmelding til festen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal